

Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

## Prosjektlederforum nye Ålesund - møtereferat 2. juni 2017

**Tid:** 2.6.2017 kl. 9 – 11

**Stad:** Ålesund, lavblokka 3. etg.

**Til stades:** Roar Reiten, Anne Bente Skjellum, Ingunn Stette, Bente Vikhagen Glomset, Liv Grete Orvik, Lars Fylling, Jonny Rune Indrevåg, Per Anders Aure, Kim Andre Vreivik, Tore Johan Øvstebø, Malin Piegsa, Kari Grindvik, Mads Solberg, Tore Hals og Anne Berit S. Emblem (møteleiar).

### Mål for møtet:

- Bli kjent og informere kvarandre om kvart av delprosjekta.
- At delprosjektledarane får meir overblikk og ser eige delprosjekt i ein større samanheng.
- At delprosjektledarane startar arbeidet med å koordinere seg i mellom, og ser behovet for å jobbe vidare med å avklare gråsoner, overlapp og avhengigheiter.
- At delprosjektledarane ser behovet for felles føringar i mandat, felles bruk av prosjektomgrep, og lik tilnærming til projektskisse, ROS-analyse, og rapportering.
- Framdrift i mandatarbeidet.

### Kort referat:

Prosjektkoordinator ønskte velkomne til første møtet i prosjektlederforumet og orienterte om behovet for prosjektlederforumet framover og målet for oppstartsmøtet.

Deretter hadde kvar av leiarane ti minuttar presentasjon av eige delprosjekt for å formidle:

- Delprosjektet sine ansvarsområder og mål.
- Relasjon til andre delprosjekt; om andre er avhengig av eige delprosjekt og/eller omvendt.

Rekkefølge på presentasjonane:

Delprosjekt A1: Personal og omstilling – Roar Reiten (Ålesund)

Delprosjekt A2: Kommunikasjon – Anne Bente Skjellum (Ålesund)

Delprosjekt A3: Planstrategi og plansamordning – Ingunn Stette (Skodje)

Delprosjekt A4: Digitalisering og IKT - Bente Vikhagen Glomset (Skodje)

Delprosjekt A5: Arkiv – Liv Grete Orvik (Ålesund)

Delprosjekt A6: Økonomi – Lars Fylling (Skodje)

Delprosjekt A7: Innkjøp – Jonny Rune Indrevåg (Ålesund)

Delprosjekt A8: Matrikkel, kart og oppmåling – Per Anders Aure (Ålesund)

Delprosjekt A9: Vatn, avløp, renovasjon – Kim Andre Breivik (Sandøy)

Delprosjekt A11: Administrativ org. Kartlegging 2017 – leiar ikkje vald. Koordinator orienterte kort.


Delprosjekt P1: Kulturbygging og verdiar – politisk leiar: Tore Johan Øvstebø (Ålesund) og adm.

tilretteleggar: Malin Piegsa

Delprosjekt P2: Politisk organisering, demokrati og medverknad – politisk leiar: Kari Grindvik (Skodje)

og adm.tilretteleggar: Mads Solberg

Delprosjekt P3: Interkommunale samarbeid – politisk leiar er ikkje vald. Adm. tilretteleggar vert Tore Hals. Koordinator orienterte kort.



## Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Det meste av tida i første møtet gjekk med til presentasjonar. Deltakarane fekk eit overblikk på kompleksitet i prosjektarbeidet framover, og fokuserte på avhengigheiter og korleis delprosjekta grip inn i kvarandre. Rutiner for arkivering og publisering blei diskutert. Det blei også påpeika behovet for at delprosjekta «løfter blikket» mot visjon og effektmål i overordna styringsdokument og intensjonsavtale.

### Neste møte:

Koordinator avslutta møtet med ei kort oppsummering av kva som vert tema på neste møte i prosjektleiarforumet 23.6.:

- Ferdigstilling av mandat (send utkast til koordinator på førehand før 23.6.)
- Overordna styringsdokument og intensjonsavtalen. Fokus på visjon og effektmål og samanhengen til delprosjekta (løfte blikket)
- Prosjektstyringsverktøy og [www.prosjektveiviseren.no](http://www.prosjektveiviseren.no)
- Felles malar for projektskisse, møtereferat m.v.
- Fokus på identifiserte risikoar i dei risikoanalysene som er gjennomførte
- Bruk av møteform for å fremje innovasjon og nytenking
- Planar for felles opplæring i prosjekt og endringsleiing utover hausten
- Koordinering mellom delprosjekt – vidare arbeid

### Vedlegg til referatet:

- Møteinnkallinga.
- Alle presentasjonane i møtet samla i eitt dokument.

Anne B. Emblem  
referent